



Breheimen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utvalg: Breheimen nasjonalparkstyre

Møtested: Loen

Dato: 13.03.2025

Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 7/25	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 8/25	Breheimen NP - Søknad om utsett tidsfrist for gjennomføring av tiltak - bru Grotåa - Lundadalen heimraster v/Veronica Westli Moen		2019/8570
ST 9/25	Breheimen NP - 2025 - etablering av basestasjon - Lundadalen - Breiskriden Gard v/ Magne Håvard Forberg		2025/972
ST 10/25	Breheimen nasjonalpark - Søknad om motorferdsel for å gjennomføra snøskredvurdering i forbindelse med utbygging av Illvatn kraftverk- 2025 - Hydro Energi		2024/13884
ST 11/25	Delegerte vedtak		
DS 15/25	Delegert vedtak - dispensasjon - Breheimen NP - motorbåt - Lundadalsvatnet - Kjell Lundemo		2025/163
DS 16/25	Delegert vedtak - dispensasjon - Breheimen NP - snødekt mark - utskifting av båter - Surtbyttalen - Morten Normann Brekkum		2025/1512
DS 17/25	Delegert vedtak - dispensasjon - Breheimen NP - snødekt mark - transport til hytte i Lundadalen - Kjell Lundemo		2025/162
DS 18/25	Delegert vedtak - Breheimen NP - Mysubytta LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2025 - 2030 - snødekt mark - øvingsplan - Skjåk Røde Kors Hjelpekorps		2024/13683
DS 19/25	Delegert vedtak - dispensasjon - Vigdalen LVO - snødekt mark - transport av salt og mineralar - løypekjøring - Oddvar Vigdal		2024/12705
ST 12/25	Referatsaker		
ST 13/25	Eventuelt		

ST 7/25 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /



Arkivsaksnummer: 2019/8570-0

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 07.03.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	8/25	13.03.2025

Breheimen NP - Søknad om utsett tidsfrist for gjennomføring av tiltak - bru Grotåa - Lundadalen heimraster v/Veronica Westli Moen

Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 13. mars 2025 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å utvide tidsfristen for løyvet i sak med saksnummer 2019/8570-23 frå 31.12.2025 til 01.10.2027.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. Søknad om utsett tidsfrist frå Lundadalen heimraster v/Veronica Westli Moen, datert 24.02.2025.
2. Vedtak om oppføring av bru frå Breheimen nasjonalparkstyre i styremøte 08.03.2023 (saksnr: 2019/8570-23).
3. Uttale frå Skjåk sau og geit ved Susanne Ramstad Brenna, datert 25.10.2022,
4. Uttale frå Bruksrettslaget til Skjåk Almenning ved Randi Rust, datert 24.10.2022.
5. Uttale frå Magne Håvard Forberg, datert 07.10.2022.
6. Revidert søknad om oppføring av bru, datert 30.09.2022. Ola Moen.
7. Behandling av klage i nasjonalparkstyret på styremøte den 02.06.2022. Sak utsett i påvente av nye opplysningar (saksnr. 2019/8570-18).
8. Klage på vedtak om avslag, datert 26.04.2022. Ola Moen.
9. Avslag på søknad om oppføring av bru. Styresak 5/22. Styremøte Breheimen nasjonalparkstyre den 18.03.2022.

10. Uttale nr. 2 frå NVE, datert 01.02.2022.
11. Søklar sine tilleggsopplysningar til NVE, datert den 17.11.2021.
12. Tilleggsopplysningar til den reviderte søknaden, datert den 17.11.2021.
13. Revidert søknad frå Ola Moen, datert 14.05.2021.
14. Liste over føreslegne tiltak langs eksisterande stig på sørsida av dalen, datert 10.06.2021.
15. Behandling av søknad i nasjonalparkstyret på styremøte den 12.12.2019. Sak utsett i påvente av fleire opplysningar (saksnr. 2019/8570-6).
16. Uttale nr. 1 frå NVE, datert 03.07.2019.
17. Uttale frå landbrukskontoret i Skjåk kommune datert 09.07.2019, motteke 28.10.2019.
18. Søknad om opprusting av veg og bygging av bru solsida Lundadalen frå Ola Moen på vegne av eigarlaget Heimraster, datert 14.10.2019.

Saksopplysningar

Søknaden:

Vi ser nå at vi ikke kan bli ferdige med bruprojektet over Grotåa. Dette på grunn av uværet «Hans», som ødela adkomstveien til Lundadalen i august 2023. Det gikk to store ras, og veien ble påført store skader av de store nedbørsmengdene. Dette førte til at vi måtte legge bruprojektet til siden i 2024, og prioritere vegen, som alle er avhengige av for å komme til Lundadalen. Dette har vært krevende for oss, og tatt mye tid. Vi søker derfor å forlenge fristen med 3 nye år. Ser fram til positivt svar fra dere.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

Vurdering

I søknaden om utsett tidsfrist frå Lundadalen heimraster v/Veronica Westli Moen, er det beskrive kva som er bakgrunnen for at dei ikkje får sett i gang tiltaket innanfor tidsfristen. Ekstremværet «Hans» i august 2023. Vegen inn til Lundadalen fekk store skader etter uveret og grunneigarlaget måtte prioritere å få reparert vegen.

I vedtaket frå mars 2023 (saksnr: 2019/8570-23) var eitt av vilkåra at vedtaket var gyldig for oppstart fram til 31.12.2025. Grunneigarlaget søker nå om å få utsett tidsfristen med 3 nye år.

Med bakgrunn i situasjonen med «Hans» meiner nasjonalparkforvaltar at tidsfristen kan utvidast. Nasjonalparkforvaltar meiner at det er mest rett at ei eventuell utviding av ein tidsfrist i ei slik sak ikkje går utover den styreperioda som dagens nasjonalparkstyre er inne i. Dette betyr at ein kan foreslå at ny tidsfrist for oppstart blir sett til 1. oktober 2027.



Arkivsaksnummer: 2019/8570-23

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 01.03.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	4/23	08.03.2023

Breheimen NP - Ny behandling av utsett sak frå juni 2022 (saksnr. 2019/8570-18) - Opprusting av solsidevegen Heimsetra-Grotåe i Lundadalen - Ola Moen

Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 8. mars 2023 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å oppretthalde tidlegare vedtak om avslag på søknaden om oppføring av bru/klopp over Grotåe og Dalåe i Lundadalen. Vedtaket er gjort med heimel i § 3 pkt. 1.1 i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Sjølv om søkjar har gjort fleire positive tiltak for å endre den opphavelige søknaden, meiner nasjonalparkstyret at dette ikkje veg opp for dei negative effektane som tiltaket kan ha på naturgrunlaget i området.

Klaga med alle saksdokument blir sendt til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 08.03.2023

Nytt forslag frå
Edel Kveen

I styremøte den 8. mars 2023 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å godkjenne søknaden om oppføring av bru/klopp over Grotåe og Dalåe i Lundadalen. Løyvet til bygging av bru/klopp er gjort med heimel i § 3 pkt. 1.3 c i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Løyvet til transport med helikopter og snøskuter er gjort med heimel i § 3 pkt. 6.3 bokstav f i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark.

Søkjær har gjort fleire positive tiltak for å endre og forbetre den opphavslege søknaden, og vert godkjent med følgende vilkår:

- Bru og klopp vert godkjent etter dei måla og plasseringane som er vist i siste søknaden. I tillegg blir det gjeve løyve til 10 meter gjerde på kvar side, vestover som fangarmar for driving av dyr.
- Det blir gjeve løyve til manuell rydding av busk og kjerr på nederste plataet mot bru ved Grotåe, området skal lokalisrast og ryddast i samråd med nasjonalparkforvaltar.
- Søkjær/tiltakshavar skal stå som eigar av bru/klopp og er ansvarleg for opprydding og vedlikehald.
- Stigen skal ikkje merkast meir enn den er i dag (skilta som vinterrute DNT). På bestemte plassar, som blir peika på av forvaltninga, skal det setjast opp skilt som ledar folk som eventuelt brukar den nye traseen tilbake til DNT-stigen.
- Dersom det viser seg at ferdselen blir negativ for dei sårbare områda kan tiltakshavar bli pålagt å gjere tiltak for å betre dette.
- Løyvet er gyldig fram til 31.12.2025.

I samband med motorferdsel blir det gjeve følgende løyve:

- Frakt av materialar/utstyr med inntil 4 turar med helikopter. Transporten med helikopter skal skje innanfor tidsrommet 1. august og fram til villreinjakta startar, alternativt i tidsrommet frå villreinjakta er slutt og fram til 1. desember. Transportane kan ikkje gjennomførast på laurdagar eller sundagar.
- Frakt av materialar/utstyr med inntil 8 turar med snøskuter. Transporten med snøskuter skal skje innanfor tidsrommet 2. januar – 1. februar i 2024 eller 2025. Transporten skal skje ved bruk av leiekøyrar som er godkjent av Skjåk kommune.
- Transportane skal skje på ein slik måte at dyreliv og brukare av området ikkje blir unødig forstyrta av transportane.
- Statens naturoppsyn Breheimen v/ Øyvind Angard (tlf. 917 33 365) skal ha beskjed før bruk av snøskuter eller flyging blir gjennomført.
- Det skal førast køyrebok over når transportane blir gjennomført. Nasjonalparkstyret skal ha tilsendt køyrebok innan 1. desember kvart år i perioden 2023, 2024 og 2025.

Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Søkjær er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuelt løyve etter anna lovverk frå kommune, fylkeskommune, grunneigar eller andre.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

Behandling

Styreleiar Edel Kveen kom med forslag til nytt vedtak i saka. Etter ein diskusjon kom styret fram til at styret kunne si ja til styreleiar sitt nye forslag, og endeleg ordlyd i saka vart avgjort på eit nytt møte på Teams den 10. mars 2023.

Nasjonalparkstyret sin vurdering i samband med omgjerung av forvaltar si innstilling:

Bakgrunnen for saka er at beitebrukarane i Lundadalen meiner at eksisterande stig på austsida av Skjøli er ei utfordring når beitedyr skal innover Lundadalen. I søknadene er det poengtert at strekinga mellom dei to bruene er utfordrande med tanke på at det er bratt ned i ei strid elv og at det på nokre plassar er smalt og steinete. Det er i fyrste søknaden halde fram at det er areal med beiteverdiar mellom Dalåe og Grotåe som vil bli tilgjengeleg dersom det kan byggjast to nye bruer her. Beitebrukarane har tidlegare også fått ei uttale frå landbrukskontoret i Lom og Skjåk som bekreftar søkjar sine tankar rundt dette. I denne omgangen har søkjar også fått uttale/støtte for prosjektet frå Magne Håvard Forberg, Skjåk sau og geit og Bruksrettslaget til Skjåk Almenning. Dei tre uttalane støtter søkjaren i denne saka og peikar på utfordringane i dette området.

Saksframlegget drøfter om naturmiljø og dyre- og planteliv bli påverka negativt gjennom menneskeleg ferdsel. I deler av året kan ferdsel i og utanfor stiger/løyper føre til uheldige forstyrringar for eksempelvis sårbare fuglar. I dette området ligg det sårbare plassar for fugl som krev ekstra omtanke, og forstyrning vil vere ekstra uheldig i perioden for ruging og når artene har små ungar. I sårbarheitsvurdering frå 2018, gjennomført av Kistefos Skogtjenester AS, er det skreve at lokalitetane er robuste pr. nå, men vurderinga peikar også på at det er viktig å unngå nye anlegg/merking av nye stigar, eller tilrettelegging for auka ferdsel innover i dette tronge dalføret. I vurdering av auka ferdsel i sårbart område er det vel å merke seg at vinterruta til DNT har vore merka med skilt på denne sida i mange år. Sårbar fugleart er å finne på begge sider av Skjøli, ny bru er plassert relativt langt ned, og vil ikkje forstyrre meir enn eksisterande råk og dyretrakk på begge sider. Det skal heller ikkje gjerast andre tilretteleggingar, merking, skilting eller liknande som gjer at folk skal bruke denne nye traseen.

For naturmangfaldet i området er beitedyr viktig for fleire planteartar, og ikkje minst for å hindre attgroing. Biologisk mangfald og eigenart er eit av verneformåla. Utfordring med attgroing ser ein av tiltaksplanen for Breheimen nasjonalpark der mange av tiltaka er skjøtsel av vegetasjon. Lundadalen har tradisjonelt vore brukt til beiteområde både av storfe og småfe, dette har påverka det biologiske mangfaldet i generasjonar. Det er nødvendig å gjera tiltak for å betre dyretrakk innover, uansett alternativ vil det bli nødvendig med tiltak i form av steinsetting eller bru. Erfaringsmessig vil det bli behov for motorisert ferdsel for baa tiltaka. Baa tiltaka vil vera inngrep i naturen. Etter ny søknad på bru vil dette tiltaket bli lite synleg og

vera det beste tiltaket for beitenæringa som er viktig for det biologiske mangfaldet i Lundadalen.

Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget i saka (§ 8) og dei nye vurderingane ovanfor meiner nasjonalparkstyret at det ikkje er nødvendig å ta i bruk føre-var-prinsippet (§ 9) i saken. I forhold til økosystem-tilnærming og samla belastning, vurderer styret at det er forsvarleg å tillate oppføring av ny bru og klopp i dette området, utan at dette vil påverke verneverdiane eller verneformålet nemneverdig. Nasjonalparkstyret meiner også at dette ikkje vil medføre at den samla belastninga vil bli større enn i dag, fordi det allereie er ein del ferdsel i området (§ 10).

Det er vurdert at tiltaket ikkje vil medføre miljøforringing, men tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er nødvendig for å sikre at naturmangfaldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort kan tiltakshavar bli pålagt å iverksette tiltak for å rette skaden i ettertid. Når det gjeld miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder, meiner ein at dei beste metodane er nytta med bakgrunn i at ein har gått vekk frå motorisert ferdsel på barmark. I tillegg meiner styret at oppsetting av bru/klopp vil bli ei betre løysning på sikt enn tilrettelegging av den eksisterande DNT-stigen (§§ 11-12).

Vedtak

I styremøte den 8. mars 2023 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å godkjenne søknaden om oppføring av bru/klopp over Grotåe og Dalåe i Lundadalen. Løyvet til bygging av bru/klopp er gjort med heimel i § 3 pkt. 1.3 c i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Løyvet til transport med helikopter og snøskuter er gjort med heimel i § 3 pkt. 6.3 bokstav f i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark.

Søkjjar har gjort fleire positive tiltak for å endre og forbetre den opphavslege søknaden, og vert godkjent med følgande vilkår:

- Bru og klopp vert godkjent etter dei måla og plasseringane som er vist i siste søknaden. I tillegg blir det gjeve løyve til 10 meter gjerde på kvar side, vestover som fangarmar for driving av dyr.
- Det blir gjeve løyve til manuell rydding av busk og kjerr på nederste plataet mot bru ved Grotåe, området skal lokalisrast og ryddast i samråd med nasjonalparkforvaltar.
- Søkjjar/tiltakshavar skal stå som eigar av bru/klopp og er ansvarleg for opprydding og vedlikehald.
- Stigen skal ikkje merkast meir enn den er i dag (skilta som vinterrute DNT). På bestemte plassar, som blir peika på av forvaltninga, skal det setjast opp skilt som ledar folk som eventuelt brukar den nye traseen tilbake til DNT-stigen.
- Dersom det viser seg at ferdselen blir negativ for dei sårbare områda kan tiltakshavar bli pålagt å gjere tiltak for å betre dette.
- Løyvet er gyldig fram til 31.12.2025.

I samband med motorferdsel blir det gjeve følgande løyve:

- Frakt av materialar/utstyr med inntil 4 turar med helikopter. Transporten med helikopter skal skje innanfor tidsrommet 1. august og fram til villreinjakta startar,

alternativt i tidsrommet frå villreinjakta er slutt og fram til 1. desember. Transportane kan ikkje gjennomførast på laurdagar eller sundagar.

- Frakt av materialar/utstyr med inntil 8 turar med snøskuter. Transporten med snøskuter skal skje innanfor tidsrommet 2. januar – 1. februar i 2024 eller 2025. Transporten skal skje ved bruk av leiekøyrar som er godkjent av Skjåk kommune.
- Transportane skal skje på ein slik måte at dyreliv og brukare av området ikkje blir unødig forstyrta av transportane.
- Statens naturoppsyn Breheimen v/ Øyvind Angard (tlf. 917 33 365) skal ha beskjed før bruk av snøskuter eller flyging blir gjennomført.
- Det skal førast køyrebok over når transportane blir gjennomført. Nasjonalparkstyret skal ha tilsendt køyrebok innan 1. desember kvart år i perioden 2023, 2024 og 2025.

Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuelt løyve etter anna lovverk frå kommune, fylkeskommune, grunneigar eller andre.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

Dokument i saka

1. Uttale frå Skjåk sau og geit ved Susanne Ramstad Brenna, datert 25.10.2022,
2. Uttale frå Bruksrettslaget til Skjåk Almenning ved Randi Rust, datert 24.10.2022.
3. Uttale frå Magne Håvard Forberg, datert 07.10.2022.
4. Revidert søknad om oppføring av bru, datert 30.09.2022. Ola Moen.
5. Behandling av klage i nasjonalparkstyret på styremøte den 02.06.2022. Sak utsett i påvente av nye opplysningar (saksnr. 2019/8570-18).
6. Klage på vedtak om avslag, datert 26.04.2022. Ola Moen.
7. Avslag på søknad om oppføring av bru. Styresak 5/22. Styremøte Breheimen nasjonalparkstyre den 18.03.2022.
8. Uttale nr. 2 frå NVE, datert 01.02.2022.
9. Søkjar sine tilleggsopplysningar til NVE, datert den 17.11.2021.
10. Tilleggsopplysningar til den reviderte søknaden, datert den 17.11.2021.
11. Revidert søknad frå Ola Moen, datert 14.05.2021.
12. Liste over føreslegne tiltak langs eksisterande stig på sørsida av dalen, datert 10.06.2021.
13. Behandling av søknad i nasjonalparkstyret på styremøte den 12.12.2019. Sak utsett i påvente av fleire opplysningar (saksnr. 2019/8570-6).
14. Uttale nr. 1 frå NVE, datert 03.07.2019.
15. Uttale frå landbrukskontoret i Skjåk kommune datert 09.07.2019, motteke 28.10.2019.
16. Søknad om opprusting av veg og bygging av bru solsida Lundadalen frå Ola Moen på vegne av eigarlaget Heimraster, datert 14.10.2019.

Saksopplysningar

Tidlegare behandling av saka

Denne saka starta fyrste gongen i nasjonalparkstyret med ei behandling av fyrste søknaden den 12.12.2019. Saka vart den gongen utsett fordi nasjonalparkstyret trong fleire opplysningar i saka, samt at det skulle gjerast ei vurdering av ei eventuell opprusting av den eksisterande stigen på austsida av Skjøli. Etter at dette vart gjort behandla nasjonalparkstyret saka på nytt den 18.03.2022 og av slo søknaden om oppføringa av ny bru med bakgrunn i fleire moment. Søkjar klaga på avslaget innan tidsfristen og nasjonalparkstyret skulle behandle klaga den 02.06.2022. Nokre dagar før styremøtet skulle gjennomførast, tok søkjar kontakt med styreleiar og presenterte ny opplysningar i saka der dei hadde ønskje om å gjere endringar i søknaden/klaga. Resultatet av behandlinga i styremøtet vart at saka vart utsett nok ein gong for at søkjar skulle få koma med dei nye opplysningane. Søkjar fekk ei liste med krav frå styret over ting dei forventa med bakgrunn i dei nye opplysningane. Søkjar fekk også ein tidsfrist på å levere desse opplysningane. Fristen vart sett til 15. september 2022, men denne fristen vart seinare utvida til 1. oktober 2022 etter spørsmål frå søkjar. Det vart også gjennomført ei synfaring i Lundadalen med søkjar og delar av nasjonalparkstyret den 3. november 2022, og ei ny synfaring den 22. november 2022 der nokre til frå nasjonalparkstyret deltok. Formålet med synfaringane var å sjå på plassering av bru, klopper og stig. I protokollen og vedtaket frå siste styremøte står det følgjande:

Styreleiar orienterte om at tiltakshavar har teke kontakt rett før styremøtet og kom med fleire nye moment ang. bru, motorferdsel i forbindelse med tiltaket m.m. Styreleiar hadde eit ønskje om at nasjonalparkstyret skulle utsetje behandlinga av klaga slik at tiltakshavar fekk tid til å forberede dei nye innspela i saka. Forvaltar orienterte om klagesaka og styret diskuterte moglegheita for å utsetje saka.

Styreleiar kom med forslag om å utsetje saka og det vart avstemming om saka skulle utsetjast eller om saka skulle gå gjennom som innstilt av forvaltar.

Avstemminga vart slik:

Utsetje saka: Edel Kveen, Per-Gunnar Sveen, Rolv Enersvold og Birgit Bilstad.

Som innstilt av forvaltar: Mark Taylor.

Med 4 mot 1 stemme blir saka utsett.

Vedtak

I styremøte den 2. juni 2022 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å utsetje behandlinga av Ola Moen sin klage i saka om oppføring av ny bru over Grotåe i Lundadalen. Bakgrunnen for utsetjinga er at søkjar/klagar har kome med nye opplysningar til Skjåk kommune sin styrerepresentant i forkant av styremøtet.

Med bakgrunn i dette forventar nasjonalparkstyret at søkjar/klagar kjem attende innan 15. september 2022 med utfyllande og detaljert informasjon om bl.a. følgande:

- *Teikningar som viser utsjånad og dimensjonering av ny bru/klopp og brufundament over følgande elv/bekk: Grotåe, flaumløp øst for Grotåe og Dalåe. Eventuell*

nødvendig graving og oppfylling av masse i forbindelse med bruene skal beskrivast. Plassering av bruene skal kartfestast nøyaktig.

- Korleis all motorisert ferdsel skal gjennomførast i forbindelse med tiltaket. I dette ligg bl.a. transport av nødvendige maskiner, utstyr, materialar, betong m.m. i samband med alle dei tiltaka som er beskriver i søknaden, samt omfanget av tal turar. Dersom søkjar meiner at det er nødvendig med motorisert ferdsel på barmark skal det synleggjerast korleis dette skal gjennomførast med minst mogleg avtrykk. Søkjar må også beskrive korleis reparasjon av eventuelle køyreskader skal skje dersom dette oppstår.*
- Korleis den 90 meter lange vegen som er beskriver i søknaden skal etablerast. Kva skal til for at denne er tilfredsstillande med tanke på at den skal vere framkommeleg for husdyr. Vegen skal også teiknast inn på kart slik at det vises godt kvar denne skal liggje i terrenget.*
- Eventuelle gjerder som er nødvendige for tiltaket skal teiknast inn på kart.*
- Søkjar/klagar må også vise korleis nye bruer tek høgde for NVE sine merknader i uttale med dato 01.02.2022.*
- Eventuelt andre nødvendige tiltak som er relevante for saka.*

Ny klage/søknad frå Ola Moen er lagt inn nedanfor:

Solsidevegen Heimsæter-Grotåa har fra uminnelige tider vært livsnerven for all virksomhet i Lundadalen. All transport av materialer til sætrer, hytter, naust og lignende har blitt fraktet på denne veien. Denne retten skal vi ikke gi slipp på uten rettslige avgjørelser. Veien er i forbausende god stand, intakt. Bare mindre partier er tilvokst av småkratt. Denne veien har etter vår mening veldig stor bæreevne, siden den for det meste er anlagt på tørr grus og morenegrunn. Det finnes derfor ikke avtrykk etter motorisert ferdsel. Forpakter har en annen oppfatning, men dette må være bevis for det. Veien ble for øvrig sist utbedret på 80-tallet.

Nå er det på tide at nasjonalparkstyret foretar en grundig befaring på solsida også. Det er ikke rett at vår skjebne angående solsidevegen bare skal omtales negativt i saksprosedurene. Det stilles spørsmål ved at styret og tillater at denne veien bare skal befares av nasjonalparkforvaltere og statens naturoppsyn, som fra første dag har motarbeidet og laget meningsløse problemer for denne veien. Her må nasjonalparkleder ordne opp.

I vår søknad ble det advart mot den vanskelige Ersbakken. I sommer skjedde det igjen; Lars Olav Lund mistet ei drektig kvige i Ersbakkene. Dette er en veldig bratt bakke som stigen går igjennom med tett vegetasjon på begge sider, samt at stigen veldig smal og lang. På utsida er det rett på elva og partier med sva. Kua måtte avlives på kanten fordi den var skadet. Den datt da ned i fossen og forsvant i elva. Hell i uhellet var at hele flokken ikke forsvant i elva. Forpakters trappetrinnprosjekt her vil aldri løse dette problemet. Å gå uten utenom bakken blir flere hundre meter med ny veg, som beskrevet i tidligere søknad.


Viser til forskrift for verneplan for Breheimen nasjonalpark, §2: ta vare på villreinstamma og ta vare på kulturminner. Her kan forvaltningsstyremakta gi løyve til bygging av bruer og klopper, jf. §3 1.3 c). Jf. §3, 4.1 og 4.2 om kulturminner så skal disse vernes mot skade og ødeleggelser, og forvaltningsstyremakta har løyve til istandsetting, vedlikehold og skjøtsel av kulturminne.

- 1) Vedlagte tegninger, skisser, foto av ny bru over Grotåa, overløpsklopp til Grotåa og klopp over Dalåa. Fundamentene over hovedløpet blir støpt på fast fjell som blir boltet ned i fjellet. Gravearbeid for fundament gjøres for hånd. Fundamentene til kloppbru overløp blir muret med stein på stedet. Har valgt stor bredde på brua, med sikkert anlegg på begge sider. Fundament over kloppbru Dalåa, blir det utgravd fundament med steinmuring. Dette utføres med håndredskap, bare for å få god anslagsflate, bæreevne for fundamentet. Dette er på vestsida. På østsida har vi tenkt å støpe fundament fast til fjellet, men nedstøpte bolter. Tilbakefylling av masse krafses og spredes for hånd.
- 2) Frakt av bru (13 m) vil bli utført med helikopter. Samme type som Yste Lundadalsbru over Skjøla, som alle kjenner type og utseende på. Frakt av overløpsklopp til Grotåa blir og utført med helikopter. Frakt av klopp til Dalåa blir utført med snøskuter fra Heimsætra: 4 turer. Frakt av materialer, jern, sement, sant, agregat, bormaskin og lignende til brukarene over Grotåa vil bli kjørt med snøskuter: 4 turer. Har ikke behov for barmarkkjøring.
- 3) Stien fra overløpsklopp og ned til brua over Grotåa er i god stand, siden størsteparten av strekningen er inntakt og er i bruk av dyr allerede. Vedlagte foto beviser det. Bare den nederste delen ned fra platået mot brua (ca 20 m) trengs å ryddes for kvist og kratt. Dette er lett håndarbeid uten bruk av maskiner.
- 4) Gjerder: 10 m på hver side fra brukaret på vestsiden, fangarmer for driving av dyr.
- 5) Angående merknader til NVE så har vi tatt høyde for det med å bygge en bru som er dobbelt så lang som i forrige søknad – hele på 13 meter. Med det blir det ingen fundamenter eller graving i kanten av Grotå. Ved å velge ei så lang bru så fant vi også fast fjell (ikke løs masser). Altså blir det noe fast fjell til å støpe fundament på. Grotåa er ingen skot elv, som forpakter påstår. Han bør lese seg opp i boka «Vatnet» av Georg Kummen. Der står det på side 210 om skotgrøvt i Skjåk. Vedlagte foto av stor grov bjørkeskog beviser det. Se ellers på foto av Dalåa og en kan spørre seg om en liten klopp med høye kanter kan forårsake flom?


Dei mest relevante bileta frå søknaden ligg nedanfor. Dei andre bileta/karta ligg i vedlegget.



Bilete av bru.



Kart over plassering av klopp Dalåe og overløpsbekk Grotåe.



Teikningar av bru over Grotåe.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

Verneformål – verneforskrift

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken m.a. å ta vare på eit høgjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, ta vare på leveområde til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vegetasjon og landskap, og å ta vare på kulturminne. Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Etter verneforskrift for Breheimen nasjonalpark er all bygging og oppføring av installasjonar forbode i nasjonalparken (jf. § 3 pkt. 1.1), med unntak gjeve i § 3 pkt. 1.2 og 1.3.

Forvaltningsmyndigheita kan bl.a. gje løyve til bl.a.:

- *bygging av bruer og legging av klopper* (§ 3 pkt. 1,3 bokstav c i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark).

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen står det blant anna at hovudregelen ved flytting, ombygging eller oppsetting av nye bruer og klopper er det krav om løyve etter søknad, medan eksisterande bruer kan haldast ved like utan å søkje om løyve. Oppattbygging (t.d. etter naturskade) krev løyve.

I forvaltningsplanen står det også at etter søknad til forvaltingsmyndigheita kan det vere aktuelt å gje løyve til oppsetjing av nye bruer i beitesamanheng i nasjonalparken og særleg i landskapsvernområda. Det vil bli lagt vekt på om det har vore bru ein stad før, t.d. gamle brukar eller steinmurar for feste av bruene. Ved handsaming av slike søknader kan det setjast vilkår slik det er nemnt i kap. 3.2.1.

I kapittel 3.2.1. står det bl.a.:

Løyve til oppsetting av nye bruer og klopper kan bli gjevne etter søknad når det ligg føre eit dokumentert behov som ikkje på rimeleg måte kan bli dekt av andre eksisterande anlegg, og når tiltaket ikkje kjem i strid med verneføremålet. Det blir lagt vekt på om brua er til nytte for stig- og skiløypenettet eller om den kan føre til ferdsel på stader der det ikkje er ønskjeleg. Opphavleg storleik og utforming på bruer og klopper skal til vanleg vere som før og det må skal nyttast naturvenlege materialar. Elles gjeld dei generelle retningslinene som er gjevne innleiingsvis i kap. 3.2 i forvaltningsplanen. Ved handsaming av søknader kan det bli sett vilkår om plassering, storleik, utforming, farge, opprydding, eigar og ansvarleg for vedlikehald osv. Det må også føreligge godkjenning frå grunneigar.

Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltingsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Vurdering

Bakgrunnen for saka er at beitebrukarane i Lundadalen meiner at eksisterande stig på austsida av Skjøli er ei utfordring når beitedyr skal innover Lundadalen. I søknadene er det poengtert at strekninga mellom dei to bruene er utfordrande med tanke på at det er bratt ned i ei strid elv og at det på nokre plassar er smalt og steinete. Det er i fyrste søknaden halde fram at det er areal med beiteverdiar mellom Dalåe og Grotåe som vil bli tilgjengeleg dersom det kan byggjast to nye bruer her. Beitebrukarane har tidlegare også fått ei uttale frå landbrukskontoret i Lom og Skjåk som bekreftar søkjar sine tankar rundt dette. I denne omgangen har søkjar også fått uttale/støtte for prosjektet frå Magne Håvard Forberg, Skjåk sau og geit og Bruksrettslaget til Skjåk Almenning. Dei tre uttalane støtter søkjaren i denne saka og peikar på utfordringane i dette området. Uttalane ligg vedlagt i vedlegget og nasjonalparkforvaltar oppfordrar til å lese gjennom desse.

Med bakgrunn i at nasjonalparkstyret utsette behandlinga av tidlegare innsendte klage, har søkjar sin gjennomgang av klaga og tidlegare søknad resultert i fleire endringar. Søkjar har gått vekk frå brumodellen som var presentert i førre søknaden og vil nå lage ei lengre bru i tre. Denne brua er lik dei to andre bruene i området som vart oppført i 2019 etter haustflaumen året før. Lengda på brua er auka slik at brua ligg an på fast fjell/stein på både sider av elva. Det er derfor ikkje nødvendig med tiltak i sjølve elveløpet med tanke på støyping av brufundament nå. Mindre brufundament blir støypt oppe på fjell på både sider av elva (sjå teikningar i vedlegget).

I den reviderte klaga/søknaden er det også gått vekk frå all motorisert ferdsel på barmark. Med den nye brua er det ikkje nødvendig med bruk av gravemaskin og søkjar skriv at alt nødvendig gravearbeid vil bli gjort for hand med handreiskap. Det er lagt opp til at brua over Grotåe og klopp over overløpsbekk i Grotåe skal flygast inn med helikopter (det er ikkje skrive noko definert tal på turar med helikopter). Klopp over Dalåe skal transporterast med snøskuter og det er behov for 4 turar til dette arbeidet. Utover dette blir det beskrive at det er nødvendig med 4 ekstra turar med snøskuter for å transportere sement, reiskap og andre materialar til Grotåe og Dalåe.

I følgje søknaden skal det ikkje gjerast andre tiltak enn rydding av kvist og liknande for å få til ein ok veg mellom overløpsbekken i Grotåe og sjølve Grotåe. I tillegg er det skissert at det er nødvendig med 10 meter med gjerde på kvar side av brukaret på vestsida av Grotåe.

I nasjonalparkstyret sin kravliste for kva som skulle synleggjerast i ein revidert søknad står det i det nest siste kulepunktet at: «*Søkjar/klagar må også vise korleis nye bruer tek høgde for NVE sine merknader i uttale med dato 01.02.2022*». Til dette skriv søkjar at han har teke høgde for NVE sine merknadar ved å byggje ei bru som er dobbelt så lang som i den førre søknaden. Det står også at med denne løysninga blir det ingen fundamenter eller graving i kanten av Grotåe og brua blir ståande på fast fjell.

Søkjar har også andre betraktningar som ikkje blir kommentert her, men som kan lesast i søknaden lenger opp i saka her eller i vedlegget.

I følgje nasjonalparkstyrets vedtekter skal styret forvalte verneområda i samsvar med internasjonale forpliktingar, naturmangfaldlova og verneforskriftene for det enkelte verneområde. Styret har eit felles ansvar for ein heilskapleg forvaltning av verneområda der ivaretaking av verneverdiane og verneformålet er hovudoppgåva. Føremålet med å opprette Breheimen nasjonalpark var å ta vare på eit stort og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne økosystem og landskap utan mange tunge inngrep i eit langsiktig tidsperspektiv. Det overordna målet med forvaltninga av Breheimen nasjonalpark er å sikre verneføremålet og verneverdiane mot uønskte inngrep og aktivitetar.

I verneforskrifta og forvaltningsplanen for Breheimen nasjonalpark står det at løyve til oppsetting av nye bruer og klopper kan bli gjeve etter søknad når det ligg føre eit dokumentert behov som ikkje på rimeleg måte kan dekkast av andre eksisterande anlegg, og når tiltaket ikkje kjem i strid med verneføremålet. Det blir presisert at denne bestemminga i verneforskrifta er ein kan-bestemming, og det er ikkje nokon automatikk i at det blir gjeve løyve etter denne paragrafen.

Nasjonalparkforvaltar meiner at søkjar har teke inn over seg mykje av det som tidlegare er påpeika som problematisk i samband med dette tiltaket. Slik sett ser planen for tiltaket mykje

betre ut nå enn i tidlegare søknad. Det er nå teke høgde for å gjere minst mogleg inngrep i samband med oppføring av bru og klopper. Ein har også gått vekk frå uttak av sand til støyping og motorisert ferdsel på barmark i nasjonalparken.

Det har vore gjennomført fleire synfaringar i denne saka, men gjennom synfaringa i november i 2022 fekk ein sjå området mellom overløpsbekken ved Grotåe og sjølve hovudelva Grotåe. I tidlegare søknad vart det på dette arealet beskrive «rydding av en 90 meter lang veg». Arealet her er forma som ein rygg mellom dei omtala elveløpa, og det meste av ryggen er opent terreng med lite vegetasjon. Den delen av ryggen som er lengst ned har noko meir vegetasjon. Denne delen er også veldig bratt ned mot eit flatare areal som leidar ut til der hovudbrua over Grotåe er tenkt plassert. Det flatare arealet mellom den bratte bakken og der hovudbrua over Grotåe er tenkt plassert er nokså steinete og «uryddig» med bjørketre. Ein ser også at dette flatare området er flaumutsett. Med bakgrunn i dei problema som er beskrive for framkommelegheita for beitedyr langs den eksisterande stigen på søraustsida av Skjøli, er det knytt usikkerheit til om det er berre vegetasjon som må ryddast for at beitedyr skal kome fram langs den eventuelle nye traseen her.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det framleis er viktig å peike på NVE sin generelle vurdering (01.02.2022) om at dette er eit aktsamheitsområde for jord- og flaumskred. NVE meiner bl.a. at vassføring og massetransport ved flaum vil kunne påverke eventuelle konstruksjonar, og det er uheldig dersom bruene utgjør ein fare i vassdraget ved flaumar.

Som nemnt i tidlegare saksframlegg i denne saka, kan naturmiljø og dyre- og planteliv bli påverka negativt gjennom menneskeleg ferdsel. I deler av året kan ferdsel i og utanfor stiger/løyper føre til uheldige forstyrningar for eksempelvis sårbare fuglar. I dette området ligg det hekkeplassar som krev ekstra omtanke, og forstyrring vil vere ekstra uheldig i perioden for ruging og når artene har små ungar. I sårbarheitsvurdering frå 2018, gjennomført av Kistefos Skogtjenester AS, er det skreve at lokalitetane er robuste pr. nå, men vurderinga peikar også på at det er viktig å unngå nye anlegg/merking av nye stigar, eller tilrettelegging for auka ferdsel innover i dette tronge dalføret.

Nasjonalparkforvaltar har innhenta ei uttale frå Kistefos Skogtjenester AS, spesielt med tanke på denne saka. Delar av uttala er unnateke offentlegheita men det som kan delast offentleg er beskrive her: Etter at sårbarheitsvurderinga vart gjort i 2018 kom det ein rapport frå Multiconsult (2018), som er skrive på oppdrag frå Statnett. Rapporten «*Anbefalte hensynssoner for sårbare arter av fugl*» er tilgjengeleg på nettet. Her blir det lista opp minimumsavstandar og buffersoner for fuglearter som er sårbare for forstyrningar i hekkeperioden. Hekkeplassane som ligg her er godt innanfor sona for sårbarheit ved menneskeleg ferdsel i området. I Kistefos Skogtjenester AS sitt notat frå 2022 «*Hensynssoner for sårbare fuglearter i Innlandet*» er perioden for sårbarheit utvida frå 1. februar – 1. august. Det er påpeika at både desse rapportane er fagleg forankra i eksisterande litteratur og rapportar på dette feltet, samt supplerande informasjon innhenta frå ornitologiske fagmiljø i Noreg.

I uttala skriv Kistefos Skogtjenester AS at dei nye bruplanane i Lundadalen ikkje er i tråd med anbefalingane for arten. Det står vidare at ein antek at det er liten ferdsel på snøføre i dette området på etterm vinteren/våren, og at stigane er lite trafikkert fram mot midten av juni månad. De fleste av desse artane har tidleg hekkestart, og får ofte ungar på vingane i månadsskiftet juni/juli, noko ein ser er tilfelle på denne lokaliteten. Men i enkelte år med sein snøsmelting i fjellet er det eksempel på at arten ikkje får ut ungene før langt ut i juli månad.

Vidare skriv Kistefos Skogtjenester AS at bruene ligg godt innanfor sårbarheitssona for arten og arten er representert i området i seinare tid. Når ein ser på rapportane som er nemnt tidlegare er det såleis bekymringsfullt å etablere nye bruer i dette området, særleg fordi ein må rekne med auka trafikk i området etter ei slik tilrettelegging. Trafikken vil i større grad enn tidlegare fordele seg på to tydelege råk innover dalen på kvar sin side av elva. Av omsyn til arten er det eit stort ønskje om å kanalisere ferdsele mest mogleg. I følgje Kistefos Skogtjenester AS blir da råket på søraustsida av dalen å anbefale.

Nasjonalparkforvaltar er einig med Kistefos Skogtjenester AS og meiner, som tidlegare, at bygging av nye bruer her vil kunne endre ferdselemonsteret ved at fleire vil nytte dei nye bruene og det blir ferdsele på båd sidene av Skjøli. Nasjonalparkforvaltar antek at «DNT-turisten», som ikkje er godt kjent i området, vil bruke den eksisterande stigen på søraustsida av Skjøli der DNT-stigen går i dag. Lokalbefolkninga vil nok i større grad bruke dei nye bruene når dette blir kjent, fordi dette er ein meir direkte veg når ein skal innover Lundadalen eller opp i høgfjellet nord for Lundadalen. Dette kan på sikt vere uheldig med tanke på auka ferdsele ved dei sårbare lokalitetane.

I samband med ei behovsvurdering meiner nasjonalparkforvaltar framleis at eksisterande stig på søraustsida av Skjøli kan nyttast for beitedyr som skal innover Lundadalen på samarbeite i framtida også. Eksisterande stig blir i dag brukt av både storfe og småfe som skal innover Lundadalen på beite, og stigen har fungert slik i mange tiår attende i tid. I 2022 var det ei ulykke med ei ku som skada seg og måtte avlivast i området ved Ersbakkan. Slike episodar er sjølv sagt ikkje bra, men samtidig er det rundt Breheimen fleire plassar der det er enda meir utfordrande veg til fjells for beitedyra enn i Lundadalen. Eksempelvis er det i Mørkridsdalen mange utfordrande plassar for beitedyra. Her har forvaltninga og beiteinteressene gått saman om å legge til rette for at stigen skal bli betre og tryggare for beitedyra. Nasjonalparkforvaltar har forståing for delar av søkjar sine argument og ser at det er fleire punkt langs den eksisterande stigen Lundadalen som kan opplevast som utsette for beitedyr slik stigen er i dag. Derfor har forvaltninga også vore på tilbodssida for å sjå på moglegheitene om det kan gjerast tiltak her, som er med på å gjere den eksisterande stigen betre på dei punkta som beitenæringa peikar på. Dette er tidlegare avvist av søkjar. Nasjonalparkforvaltar meiner framleis at dette kan gjera den eksisterande stigen betre enn det den er i dag, men det er sjølv sagt opp til grunneigar og søkjar om det er interesse for å prøve noko slik. Det er ønskjeleg at verneområda i Breheimen skal bli nytta som ein ressurs i landbruket innanfor rammene av verneformålet. Beiting og landbruk er ikkje nemnt som ein del av verneformålet i Breheimen nasjonalpark, men beiting er tillate og skal kunne gå føre seg som tidlegare.

Etter ei samla vurdering av momenta ovanfor der det er gjort avveging av behovet for nye bruer, påverknadene på naturen i området og sårbarheit for artar knytt til ein mogleg endra ferdsele, tilrår nasjonalparkforvaltar at *føre-var-prinsippet* blir lagt til grunn i saka, og at tiltak som er søkt om blir avsele med heimel i § 3 pkt. 1.1 i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark (§ 9). Sjølv om det er gjort fleire gode og positive tiltak for å endre den opphavelige søknaden, meiner nasjonalparkforvaltaren at dette ikkje veg opp for dei negative effektane som tiltaket kan ha på naturgrunnlaget i området. Det blir lagt til grunn at tiltaket strider mot føringane i forvaltningsplanen for Breheimen nasjonalpark. I nasjonalparkar skal det ikkje skje varig påverknad av naturmiljø, med mindre dette er ein forutsetning for å ivareta verneformålet. Tiltaket er vurdert til å kunne påverke verneverdiane

og verneformålet på ein negativ måte. Med bakgrunn i dette vil ikkje dei andre miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova bli vurdert i saka.



Arkivsaksnummer: 2025/972-0

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 07.03.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	9/25	13.03.2025

Breheimen NP - 2025 - etablering av basestasjon - Lundadalen - Breiskriden Gard v/ Magne Håvard Forberg

Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 13. mars 2025 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å avslå søknaden frå Breiskriden Gard v/Magne Håvard Forberg om etablering av basestasjon i Breheimen nasjonalpark. Avslaget er gjort med heimel i § 3 pkt. 1.1. i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark og § 48 fyrste alternativ i naturmangfaldlova. Tiltaket er vurdert til å ikkje vera i tråd med verneformålet. Det finst i tillegg anna utstyr for kommunikasjon i slike samanhengar utan at det må etablerast fysiske installasjonar innanfor grensene til nasjonalparken.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. Forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Magne Håvard Forberg, datert 15.01.2025.

Saksopplysningar

Søknaden:

SØKNAD OM ETABLERING AV BASESTASJON I LUNDADALEN I SKJÅK

Breiskriden Gård v/Gard Magne H. Forberg, org.nr. 991172432, søker herved om etablering av en basestasjon i østenden av Lundadalen.

Bakgrunn/behov:

Breiskriden Gård driver med turistridning gjennom driftsselskapet Fjellevtentyret as.

Hoveddelen av turene er fra gården i Skjåk og innover mot Lundadalen. En skal ikke langt fra gården, før en mister telefondekningen. Det er en betydelig risiko med vår aktivitet. Det kan skje uhell med gjestene våre eller våre ansatte.

Det er derfor først og fremst av HMS hensyn at jeg ønsker å ha radiokommunikasjon med mine ansatte, når de er på jobb. Basestasjonen ønsker jeg å ha i drift i de delene av året jeg har behov.

Jeg kan gi noen eksempler på aktiviteten;

I perioden fra midten av mai til ut september har jeg opp mot 20 gjester hver dag som rir i området. Det er ikke alle som er funksjonsfriske. Seinere på året driver jeg lengere inn i dalen, med hestekjøring av kjøtt og guiding i forbindelse med reinsjakt.

Jeg driver også utleie av seterhus og fiskebu i Lundadalen. Mine ansatte er innover og forbereder besøkene.

Begge stedene er jevnlig utleid.

Det er betydelig antall med personer, både ansatte og gjester, jeg har ansvar for.

I området de ferdes, er det umulig med radiodekning ned i bygda, uten en basestasjon.

Som ansvarlig arbeidsgiver, er det for framtiden nødvendig å etablere radiokontakt mellom de ansatte og «hjemmebasen» - Breiskriden Gård. For å ha radiodekning i området som er aktuelt, må basestasjon plasseres i området «Lundadalen øst».

Radiokommunikasjon er for tiden det rimeligste alternativet.

Tillatelse fra Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom)

Jeg har søkt Nkom om å få tildelt radiofrekvens og tillatelse til å sette opp en basestasjon. Breiskriden Gård har sendetillatelse nr. 18177 til bruk av frekvenser for PMR (profesjonell mobil radio).

Breiskriden Gård har av Nkom fått to alternative stasjonspunkt.

1. Yste reset/Gråtåkampen, som har posisjon 61° 48' 17.33" N 8° 11' 37.37" E.
2. Svarthamran/Knarten og har posisjon 61° 49' 23.8" N 8° 15' 17.6" E.

Grunn til at jeg har søkt Nkom om to forskjellige stasjonspunkt, er at jeg er usikker på hvilket punkt som gir den nødvendige dekningen. Jeg er heller ikke sikker på om disse to punktene gir god nok dekning. Derfor søker jeg om en generell tillatelse til å sette opp en basestasjon i området «Lundadalen øst». I første omgang vil jeg sette opp stasjon midlertidig, for å finne ut hvilke av de to punktene som gir best dekning. Den endelige plasseringen vil være i tett samarbeid med Dere.

Basestasjon:

Komplett basestasjon består av: Solcellepanel (70 cm x 160 cm), kasse med målene (L ca 60 cm x B ca 50 cm x H ca 30 cm) og antenne. Panelet skal stå oppreist nær bakken. Det må forankres godt. Antennen er 50 cm lang. Antennen festes på et rør som forankres i bakken.

Jeg maler alt utstyr i nøytrale farger og plasserer stasjonen, slik at minst mulig blir synlig.

Dersom plasseringen og funksjon av basestasjon blir vellykket, vil jeg vurdere at andre aktører i området kan benytte den. Det er husdyr på beite i området. Dyreeierne kan ha behov ved tilsyn og sanking.

Jeg vet av egen erfaring at det er nødvendig å ha kommunikasjon, slik at en får varslet. F.eks. hvis sau har blitt skadd av rovdyr eller et storfe har bruk for hjelp.

Dersom det er spørsmål, så er det bare å ta kontakt!

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

Verneformål – forskrift

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken m.a. å ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, ta vare på leveområde til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vegetasjon og landskap, og å ta vare på kulturminne. Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

I § 3 pkt. 1.1 i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark om *vern mot inngrep i landskapet* står det:

Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, motorkøyretøy og maskiner, etablering av oppdrettsanlegg, opplag av båtar, gjerde og anlegg, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineral og fossil og fjerning av større stein og blokker, fjerning og øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, drenering og anna form for tørleggjing, rissing og måling, festing av boltar, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Tiltaket som er søkt om har ikkje nokon heimel i verneforskrifta og søknaden må derfor vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova. I lova står det bl.a.:

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Forvaltningsplan

Tiltaket som er søkt om er ikkje omtala i forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen. Det kan nemnast at oppføring av antenner i samband med bruk av elektroniske bjøller på sau er omtala i forvaltningsplanen, og dette har også ein eigen heimel i forskrifta.


Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltingsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Vurdering

Magne Håvard Forberg driv firmaet [Fjelleventyr](#) som er lokalisert ved inngangen til Lundadalen i Skjåk. Forberg skisserer eit behov for å kommunisere med arbeidsfolka som gjennomfører rideturar, kløvturar og førebuing av utleiebu/sæter i Lundadalen/Lundadalsvatnet. Forberg peikar på at dette er fyrst og fremst eit tiltak med tanke på HMS i bedrifta.

Basestasjonen, som skal fungere som eit kontaktpunkt mellom Lundadalsvatnet og heimplassen, er tenkt plassert på Yste Reset/Grjotåkampan eller Svarthamran/Knarten (sjå kart nedanfor). Men med bakgrunn i usikkerheit om det er god nok dekning her ønskjer Forberg eit generelt løyve til å setje opp basestasjonen i området «Lundadalen aust».



Kartet viser dei to punkta for mogleg plassering av basestasjon frå søknaden.

Basestasjonen er i søknaden beskrive som:

- Solcellepanel (70x160 cm)
- Kasse (60x50x30 cm)
- Antenne (50 cm)

Sjå beskriving av korleis dette skal monterast i søknaden ovanfor/vedlegg.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området. Med bakgrunn i databasar (Naturbasen og Artsdatabanken), forvaltningsplanen for Breheimen, ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt.

Nasjonalparkforvaltar har forståing for at det er nødvendig med moglegheit for å varsle dersom det skjer ulykker eller uhell i samband med aktiviteten som Fjelleventyret utfører. Men nasjonalparkforvaltar meiner at kommunikasjonen mellom dei som er på tur i fjellet og «heimebasa» i bygda kan løysast på ein annan måte, utan at det må setjast opp fysiske installasjonar innanfor Breheimen nasjonalpark. Det er fleire gode hjelpemiddel for å ivareta sikkerheita til folk som er på tur i utmark med dårleg mobildekning, og dei mest vanlege er eksempelvis [Iridium satellittelefon](#) og [Garmin Inreach](#). Via satellittar frå Iridium kan ein ved hjelp av ein satellittelefon kommunisere med melding og tale på vanleg måte, og satellittane frå Iridium dekkjer heile landet. Ved bruk av Garmin Inreach kan ein berre kommunisere via tekstmeldingar gjennom satellittane frå Iridium. Inreach har også ein funksjon med ein nødknapp der du kjem til ein alarmsentral dersom du utløyser denne. Det er nokså vanleg at lokale Røde Kors, SNO, Fjelloppsyn, leigekøyrarar, landbruksnæring, andre som arrangerer diverse turar i fjellet brukar dette for eigen sikkerheit, og for å kommunisere med andre ved behov.

Nasjonalparkforvaltar har forståing for at eksempelvis kjøp av ny satellittelefon med tilhøyrande abonnement er kostbart, men pris er ikkje eit argument for at ein skal kunne etablere tekniske installasjonar i eit verneområde (Inreach er derimot rimeleg både i innkjøp og bruk). Bruken av nasjonalparken i samband med næringsaktivitet skal heller ikkje medføre auka press på utbygging av tekniske installasjonar, da verneverdiane skal vere overordna næringsinteressene. Forvaltningsplanen peikar på at all aktivitet skal vere prega av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging. I denne saka skal ein også vere oppmerksom på presedensfara dersom ein skulle seie ja til ein slik søknad. Ei eventuell framtidig utviding av dekningsbehovet i denne saka, eller andre aktørar sitt behov for kommunikasjon på same måte andre plassar, vil kunne føre til fleire tekniske installasjonar i nasjonalparken, ofte også med tilhøyrande behov for motorisert transport.

Etter ei samla vurdering tilrår nasjonalparkforvaltar at søknaden om etablering av basestasjon blir avslage med heimel i § 3 pkt. 1.1. i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark og § 48 fyrste alternativ i naturmangfaldlova. Det blir lagt til grunn at tiltaket er i strid med verneforskrift for Breheimen nasjonalpark. I nasjonalparkar skal det ikkje skje varig påverknad av naturmiljø, med mindre dette er ein forutsetning for å ivareta verneformålet. Tiltaket vil på sikt kunne føre til at verneformålet og verneverdiane i Breheimen nasjonalpark blir negativt påverka.

Nasjonalparkforvaltar meiner at søkjar må vurdere andre moglegheiter for å løyse kommunikasjonsbehovet i denne saka. Alternativt kan det vurderast plassering av basestasjonen utanfor vernegrensa, eksempelvis ved Esjgrovi nedanfor Svartkampen/Svarthamran.

Med bakgrunn i dette vil ikkje dei andre miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova bli vurdert i saka.



Arkivsaksnummer: 2024/13884-0

Saksbehandlar: Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 07.03.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	10/25	13.03.2025

Breheimen nasjonalpark - Søknad om motorferdsel for å gjennomføra snøskredvurdering i forbindelse med utbygging av Illvatn kraftverk- 2025 - Hydro Energi

Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 13 mars 2025 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å gje Hydro Energi løyve til gjennomføring av motorferdsel i tilknytning til snøvurderingar. Løyvet er heimla naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd fyrste alternativ.

- Løyvet gjeld perioden 14.03 – 15.07.2025
- Løyvet omfattar inntil 36 landingar med helikopter og lågtflyging til og frå områda som er omsøkt.
- Transporten skal utførast på vekedagar. Transport skal ikkje utførast på heilagdag, laurdag og søndagar, eller i forbindelse med påske.
- Transport gjeld utflyging/henting av personell til å gjennomføring snøvurderinga.
- Bruk av helikopter skal avgrensas til det som er strengt naudsynt
- Dersom det vert observert villrein innanfor landingsområda, eller inntil 1 km frå områda skal forsøk på landing avbrytast.
- Ved observasjonar av villrein skal SNO Breheimen og fjelloppsynet til Luster Austre fjellstyre varslast så snart som råd.
- Av omsyn til kongeørn bør start/landing i området «Fossabakkane» skje i nordleg halvdel, og det bør ikkje flygast i sjølve dalføret. Kryssing av dalen bør ikkje skje i området mellom Åsete og Vedaholet.
- Utarbeida varslingsrutinar skal sendast til nasjonalparkforvaltar.
- Under flyging skal det takast særleg omsyn til naturmiljøet, dyrelivet og dei som driv friluftsliv.
- Statens Naturoppsyn v/Liv Byrkjeland (tlf. 958 74 196) skal ha melding om helikoptertransport seinast 24 timar før transport Løyve til motorferdsel og køyrebok skal vera med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur.
- Køyrebok, flygeruter og rapport med informasjon om snøforhold, opningstider for anleggsvegen, observasjon og tiltak knytt til villrein og andre grunnar for avbryting av motorferdsel skal sendast forvaltningsmynde innan 15 august 2025.

Vi gjer oppmerksom på at løyvet berre gjeld i forhold til naturmangfaldlova og verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark,

Søkjær er sjølv ansvarleg for å innhente løyve etter anna lovverk frå kommune og/eller grunneigar. Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Hydro Energi datert 10.12.24
- Tilleggsinformasjon frå Hydro Energi datert 10.01.25
- Tilleggsinformasjon frå Hydro Energi datert 27.01.25
- Uttale frå Reinheimen-Breheimen villreinnemnd 24.02.25
- Uttale frå Luster Austre fjellstyre 21.02.25
- Uttale frå Kistefos v/Geir Høitomt 13.02.25

Saksopplysningar

Hydro Energi AS har sendt ein søknad om motorferdsel i fjellområda kring Fortunsdalen for vinteren og våren 2025, i forbindelse med gjennomføring av utbygging av Illvatn kraftverk. Søknaden gjeld kunn vintersesongen 2025, og ein eventuell ny søknad vert sendt for resten av byggeperioden dersom Hydro Energi vedtek å bygge anlegget. Avgjersla om bygging vert avgjort våren 2025.


Bakgrunnen for søknaden er at Illvatn kraftverk ligg i eit ganske utilgjengeleg område med tanke på utbygging av kraftanlegget, og Hydro Energi skriv at det er eit mål å halda anleggsvegen mellom Øyane (Fortun) og Fivlemyr (deponiområde) heilårsope. Dette er eit anna signal enn det nasjonalparkstyret fekk på synfaring med bærekraftansvarleg frå Hydro Energi i september.

I dag er anleggsvegen stengt om lag mellom november til juni-juli. Det er fortrinnsvis snøskredfare og snøskred/snø i vegbana som har gjort til at anleggsvegen har stengt så lenge. Tidlegare opning av anleggsvegen er avgjerande for å sikra framdrifta og forseinkingar kan gjere til at prosjektet vert forlenga med omlag 1 år. Hydro Energi ynskjer difor å gjennomføra snøvurderingar for å predikere snøskredfare.

Omfanget av søknaden i 2025 er opp til 6 observasjonsdagar med maksimalt 8 landingar på ein dag. Totalt omfang vert mellom 12 og 36 landingar. Det er vestsida av dalføret som vert prioritert, og plan er å lande på dei øvre områda for så å ta seg ned til nedre del og verta henta ut der.

Helikopter skal flyge inn personell som skal gjennomføra snøvurderingar. Hydro Energi har engasjert Wyssen til dette arbeidet. Det er i fylgje Hydro Energi ikkje mogleg å montera instrument som kan gjennomføra det arbeidet som folk i felt gjennomføra.

Hydro Energi antydar at det kan verta behov for tilsvarande snøvurderingar alle åra i ei utbyggingsperiode og det kan då også verta behov for å gjennomføra kontrollert utløyasing av snøskavlar/skred på grunn av helse, miljø og sikkerheit. Hydro Energi skriv at det planleggast montasje av fleire kamera sommaren 2025 for å overvaka skredsone. Resultat frå snøvurdering vert offentleggjort på varsom.no.



Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev datert 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre i medhald av § 62 i naturmangfaldlova.

Verneformål – forskrift

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap som er utan tyngre inngrep. Vidare skal ein ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, leveområde til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vassdragsnaturen, variasjonsriktom i geologi med særprega geologiske førekomst, vegetasjon og landskap, grottene og kulturminne. Ålmenta skal ha høve til uforstyrta oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

I verneforskrifta § 3 står det:

«I nasjonalparkar skal ingen varig påverknad av naturmiljø eller kulturminne finne sted, med mindre slik påverknad er en føresetnad for å ivareta føremålet med vernet.»

I punkt 6.1) står det:

Motorferdsel til lands, på vatn og i lufta under 300 meter frå bakken er forbode.

I punkt 6.3 i står det at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

«i. bruk av snøskuter, beltekøyretøy eller luftfartøy i samband med snømåling, drift, vedlikehald og oppgradering/fornyng av eksisterande kraftanlegg og telekommunikasjonsanlegg.»

Forvaltningsplan

Under kapittel 3.9.14 Transport i samband med energi- og kraftforsyning og snømålingar i forvaltningsplan viser ein til:

Breheimen nasjonalparkstyre kan gje løyve til bruk av snøskuter, beltekøyretøy eller luftfartøy i samband med snømåling, drift, vedlikehald og oppgradering/fornyng av eksisterande kraftanlegg og telekommunikasjonsanlegg i nasjonalparken (§ 3 pkt. 6.3 i)).

Under kapittel 5.3.1 Generelle dispensasjonsreglar står det:

«Den generelle dispensasjonsregelen skal vere ein sikkerheitsventil for uføresette tilfelle eller spesielle/særlege tilfelle som ein ikkje visste om/hadde kunnskap om på vernetidspunktet. Det er vesentleg at ein dispensasjon ikkje vert brukt til å uthole vernet. Han skal i første rekke kunne nyttast på søknader som gjeld bagatellmessige inngrep eller forbigåande forstyrringar.

Den generelle dispensasjonsregelen går fram av verneforskrifta § 4:

§ 4 Generelle dispensasjonsreglar Nasjonalparkstyret kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48. Det er to vilkår for

dispensasjon etter denne regelen og begge vilkåra må vere oppfylt for at dispensasjon kan gjevast:

- Tiltaket kan ikkje påverke verneverdiane nemneverdig, og
- Tiltaket må ikkje stride mot føremålet med vernevedtaket»

..

Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1 (formål), 4 og 5 (forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet, i første rekke bagatellmessige inngrep eller forbigåande forstyrringa


Presedens

Presedens I einskildsaker som gjeld tiltak skal ein vurderer verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldslova § 48, gjeve av KLD, ved brev til Miljødirektoratet 02.03.2015

Uttalar:

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen har kome med uttale om uttale på at landingsområda ligg i nærleiken av trekkområde for villrein (utvekslingsområde mellom Breheimen og Vest-Jotunheimen, jf. Kartutsnitt frå naturbase):



Figur 1: Skravert område syner trekkområde for villrein.

Trekk sørvestover på våren er kanskje den mest sårbare perioden for villrein i dette området. Frå slutten av mars startar bukkane trekket frå vinterbeiteområda og mot sommarbeiteområda i sørvest (trekk frå Skjåk og inn i Luster). Det er derfor viktig å ta omsyn til villrein i denne perioden.

Innføre varslingsrutiner om villrein i tiltaksområdet. Gjerne til Luster Austre Fjellstyre v/Inger Moe i dette tilfellet.

Avbøtande tiltak; Utsette landing til villrein har trekt vekk om det blir oppdaga villrein i nærleiken av landingsområde (i synsavstand/1 km).

Luster austre fjellstyre

Fjellstyret hadde søknaden om motorferdsel opp til handsaming på møte 18. februar. Fjellstyret oppfattar situasjonen slik at anleggsarbeidet kjem til å medføra at området i praksis vert utilgjengeleg for villrein. Ikkje berre motorferdsla, men også støy frå anleggsarbeidet og lukta/synet av menneske i området vil tvinga reinen til å halda seg på lang avstand. Ein trur ikkje det råd å hindra dette så lenge konsesjonen er eit faktum. Fjellstyret gjorde følgjande vedtak:

Luster Austre Fjellstyre godkjenner Hydro sine planar om motorferdsel i samband med utbygging av Illvatn kraftverk. Godkjenninga gjeld:

1. *Landing med helikopter ved tverrslag Nørdstedalen og ved Illvatnet i samsvar med konsesjon frå Luftfartsverket.*
2. *Landing med helikopter i samband med handtering av skredfare slik det er beskrive i søknad og kart. Gjeld berre våren 2025.*
3. *Bruk av snøscooter på strekninga mellom Fivlemyrane og Illvatnet som beskrive i brev av 06.02.2025.*

Vilkår:

- *Ved observasjon av villrein skal fjelloppsynet varslast snarast råd til Inger Moe tlf 91713559.*
- *Det skal ikkje brukast plast til stikking av løype.*

Uttale om hekkelokalitet for kongeørn

Kistefos AS v/Geir Høitomt har gjennomført rovfuglkartlegging i området og kom med desse tilbakemeldingane når forvaltar bad om uttale:

- Dette er ein relativ sikker hekkeplass for kongeørn, men det byrjar å verta nokre år sidan. Ei oppdatering av status nå i forkant hadde sjølvsagt vore svært nyttig.
- Tidspunktet for aktiviteten er ugunstig, siden mye av aktiviteten trolig vil foregå i den mest sårbare etableringsfasen på våren. Det vil overraske Høitomt om det gjennomføres vellykket hekking av kongeørn på denne lokaliteten med disse planlagte tiltakene.
- Virker jo som dette kan være vanskelig sak å «forhindre», så kanskje fokus må legges på erfaringsinnhenting og om mulige justere gjennomføringen basert på første årets resultat?
- Hvis aktiviteten skal foregå over flere år tenker jeg at dere bør prioritere å dokumentere hva som skjer i første året, og om mulig trekke lærdom av disse erfaringene.

Vurdering

Verneforskrifta regulerer den fysiske råderetten til brukarane av verneområdet. I kongeleg resolusjon for Breheimen nasjonalpark gav Norsk Hydro uttale om at ein måtte ta omsyn til konsesjonssøkte utbyggingsplanar som dei hadde på dette tidspunktet. Det var då søkt om konsesjon på Illvatn og Øyane kraftverk. Illvatn er allereie utbygd med terskel og tunell. Dersom ein hadde forventa at anleggsvegen mellom Øyane og Fivlemyr måtte haldast heilårsopen så var det naturleg at det vart omtala i kongeleg resolusjon. Det at Noregs vassdrag og energidirektorat har gjeve konsesjon til utbygginga av eigen kraftstasjon bidreg til at ein vurderer utbygging av Illvatn som meir enn ei fornying eller oppgradering av eksisterande kraftanlegg. Forvaltar vurderer derfor til at Breheimen nasjonalparkstyre ikkje har moglegheit til å vurderer motorferdsle etter verneforskrifta § 6.3 i, i samband med oppgraderinga av kraftanlegg og linjer knytt til Illvatn. Dersom nasjonalparkstyret skal vurderer tiltaket så skal ein vurderer den etter naturmangfaldslova § 48.

Naturmangfaldslova § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Bestemmelsen opnar for å gje dispensasjon dersom det ikkje strid mot vernevedtakets formål og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentleg samfunnsinteresser gjer det naudsynt. Bestemmelsen skal vera ein sikkerheitsventil for tiltak som ikkje kan forutsjåast på vernetidspunktet. Ein skal vurderer kva alternativ ein skal nytta ved bruk av § 48.

For å bruka andre alternativ i naturmangfaldslova så skal ein vurderer om tiltaket bør gjennomførast på bakgrunn av sikkerheit. Med sikkerheit så siktar ein til sikkerheit for blant anna sikkerheit for liv og helse, noko ein kan i denne saka. Tiltaket skal i tillegg vera

naudsynt, og tiltaket skal då vera av kvalifisert art, og at det ikkje er praktisk mogleg å ivareta dei ved tiltak utanfor verneområdet, eller ved tillata eller mindre inngripande tiltak innanfor verneområdet. Utbygginga av Illvatn kan gjennomførast utan omsøkt tiltak, og ein kan difor ikkje bruka dette unntaket.

Den aktuelle betemmelsen som nasjonalparkstyret skal legge til grunn for deira vurdering er etter forvaltar sitt skjønning naturmangfaldslova § 48 fyrste alternativ; «*ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt før ein kan vurdere om ein kan gje dispensasjon. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Områda som det omsøkte tiltaket med helikopter skal gjennomførast er høg fjell med låg vegetasjon. Tidsperiode er vinter-vår 2025, og gjeld frå vedtaksdato og fram til og med byrjinga av juli.

Alle området kor motorferdsla rører ved er registrert som sommar og haustbeite for villrein, medan landingsområde med namn Øvsteflui i tillegg ligg innanfor fokusområdet (trekkpassasje) for villrein i Reinheimen-Breheimen villreinområde.

I kvalitetsnorma for Reinheimen-Breheimen dette området trekt fram ved at det er fleire av trekkpassasjane mellom Vest-Jotunheimen og Reinheimen-Breheimen som har gått ut av bruk, men det er likevel ein funksjonell korridor som vert nytta. Det står vidare: «*Det er viktig at denne passasjen opprettholdes siden det er et ønske om utveksling mellom villreinområdene. Konfliktpotensialet her er merkede turstier og oppkjøring av løyper knyttet til Sognefjellshytta. Det er også anleggsveger, kraftmagasin og tamreindrift i nærområdet som kan føre til utfordringer for opprettholdelsen av trekkpassasjen mellom områdene.*»

Korridoren har i seinare tid vore mindre nytta av villrein, men «*i 2008 trakk det 80-100 dyr fra Vest-Jotunheimen og inn til Breheimen. Observasjoner og minimumstillinger viser at dyrene mest sannsynlig roet seg i Breheimen. Noen år senere kom det 36 bukk fra Turtagrøområdet som trakk inn i Tundradalen, men disse dyrene returnerte i løpet av juli samme år.*»

Sjølv om ein del av dei tidlegare trekkpassasjane har gått ut av bruk, er det likevel ein funksjonell korridor som vert nytta. Det er viktig at denne passasjen vert oppretthalden sidan det er eit ønske om utveksling mellom villreinområda.

Å ta vare på leveområdet til villreinstamma i Reinheimen-Breheimen villreinområde er ein del av verneformålet og nasjonalparkstyret har eit utvida mandat i forhold til andre artar som går innunder den generelle dyrelivsfredninga i verneforskrifta. Forvaltar ser tiltaket som omfattande og tiltaket kan truleg føra til at villrein skyr området dersom dei oppheld seg der midlertidig.

Området Øyaskredene ligg delvis innanfor eit område som har stor sannsynlegheit for raudlista insekt og edderkoppdyr, samt trua lavartar, mose og sopp. Området Fossabakkane ligg innanfor stor sannsynlegheita for å finna raudlista soppar, og innanfor hekkelokalitet for kongeørn. Det kjem fram av verneforskrifta § 3 pkt. 3.1. at det er en generell dyrelivsfredning i nasjonalparken. Kongeørn er dermed vernet på same måte som alt annet dyreliv i nasjonalparken og er som utgangspunkt totalfreda, med nokre unntak (jakt, fiske og fangst og skadefelling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk). Kongeørn er i dag (05.03.25) kategorisert som livskraftig bestand og bestanden er ikkje trua på nasjonalt nivå. Sårbarheita for hekkelokaliteten er i fylgje Høitomt av slik karakter at hekkinga truleg vil verta øydelagt med den planlagde motorferdsla, han viser likevel til at ein ved kunnskapsinnhenting dette året kan bidra med kunnskap om hekkelokaliteten og dens påverknad til den planlagde motorferdsla over tid i området. Forvaltar ser at kunnskapsinnhenting om påverknad på kongeørn dette året kan bidra med kunnskap om hekkelokaliteten og påverknad den planlagde motorferdsla over tid i området. Forvaltar ber søkjar vurdere å innhenta denne informasjon dersom det er aktuelt med liknande søknad for dei komande åra.

Innanfor området Øyaskredene er det påvist jerv (sterkt trua på raudlista). Det er ikkje registrert andre sårbare artar eller naturtypar i områda (Naturbase 05.03.2025). Kunnskapen om området er vurdert som god for å vurdere denne saka jf. naturmangfaldslova. § 8. Motorferdsla som er omsøkt er av stort relativt stort omfang inne i nasjonalparken på eit tidspunkt kor naturen er på det mest sårbare. Sidan motorferdsla i denne omgang skal gjennomførast vinteren-våren 2025 så er tiltaket å rekna som forbigåande, og midlertidig. Føre-var prinsippet, i naturmangfaldslova §9, er av den grunn ikkje anvendt i denne vurderinga.

Tiltak som påverka ein bestemd bestand, skal ikkje bare vurderast ut frå effekten på den bestanden, men også ut i frå korleis økosystemet som bestanden inngår i, vert påverka jf. § 10 om økosystemtilnærming og vurdering om samla belastning. For villrein i Reinheimen-Breheimen vil utbygging av Illvatn kraftstasjon ha ein negativ effekt, kor stor langvarig effekt er vanskeleg å seie noko om. Villrein vil truleg sky området rundt utbyggingsområdet, også det arealet som ligg innanfor nasjonalparken. NVE har uttalt at å halda anleggsperioden av sjølve utbygginga så kort som råd er eit viktig avbøtande tiltak for å halda den negative påverknaden på villrein så låg som råd.

Når ein påverkar ei trekkrute for villrein i den grad som ein gjer med utbygginga av Illvatn kraftstasjon så vert dei andre nærliggande trekkrutene endå viktigare, og dette gjer seg også gjeldande for funksjonsområdet mellom Reinheimen-Breheimen og Vest-Jotunheimen.

Alle områda inngår i kartlegging som svært verdifullt friluftsområde, og er til dels lite brukt av ålmenta. Det er ingen merka DNT stiar i desse områda. Motorferdsla vil ha ein negativ effekt på verneverdiane i området, spesielt sidan området er så urørt og lite påverka i dag.

Bakgrunnen for søknaden om motorferdsel knytt til snøvurderingar er behovet for å halda anleggsvegen mellom Øyane-Fivlemyr open for å halda framdrifta i tråd med opprinneleg planar. Dersom ein kan halda framdrifta i tråd med planlagt periode vil påverknaden for villrein rundt Illvatn verta mindre enn dersom ein skal utvida driftsfasen med inntil 1 år. I nasjonalparkar skal det ikkje skje varig påverknad av naturmiljø, med mindre dette er ei føresetnad for å ivareta verneformålet. Forvaltar er kjend med at det vert gjennomført noko motorferdsel med helikopter på utsida av verneområdet i dag. Det er lagt opp til fleire helikopterlandingsplassar og til dels omfattande bruk av helikopter i forbindelse med utbygging av Illvatn kraftverk og oppgradering av linjetraseen mellom Fivlemyr og Øyane utanfor verneområdet. Vurdering av samla belastning skal også ta med framtidig samla belastning for området, og ein har ikkje på dette tidspunkt noko klår formening om kor stort omfang dette vert, og dette vil kunne påverka vurderingar om samla belastning innanfor verneområdet på eit seinare tidspunkt.

Presidenspåverknaden av tiltaket skal vurderast før nasjonalparkstyret vurdere ei avgjerse i saka. Presidensverknaden avhenge av om det er sannsyn for at andre vil søkja om dispensasjon til tilsvarande tiltak, og for det andre av konsekvensane for verneverdiane og verneformålet av at det er gjeve dispensasjon til tilsvarande tiltak.

Området som motorferdsla er omsøkt er nasjonalpark, og terskelen skal vera høgare i denne typen verneområde enn andre, t.d. landskapsvern. Tiltakets omfang er relativt stort i forhold til målestokken som Breheimen nasjonalpark har, då dette er eit område med lite motorferdsel, samtidig så er det også rein persontransport. For Breheimen nasjonalpark er ein kjend med at tilsvarande problemstilling kan koma i framtida i same område, dersom Hydro Energi byggjer ut Øyane kraftverk. Det kan vera behov for tilsvarande snøvurderingar i høve ulike andre vegutbyggingar, men forvaltar er ikkje kjend med at bakgrunn er framdrift av ei kraftutbygging på utsida av verneområde. Det kan hende at på sikt så er det ynskeleg med heilårsope anleggsveg mellom Øyane og Fivlemyr i etterkant av utbygginga av Illvatn kraftstasjon i ulike samanhengar, men då vil verknadane av den utvida bruken i tilknytning til Illvatn kraftverk verta lagt til grunn for ytterlegare vurderingar. Det er også eit ønske å minimere ferdsel i dette området av omsyn til villrein, noko som også er forankra i besøksstrategien for Breheimen nasjonalpark (vedtatt november 2023).

Forvaltar tilrår under Breheimen nasjonalparkstyre å gje dispensasjon med ulike vilkår jf. § 12 i naturmangfaldslova miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

ST 11/25 Delegerede vedtak /
DS 15/25 Delegerede vedtak - dispensasjon - Breheimen NP - motorbåt -
Lundadalsvatnet - Kjell Lundemo 2025/163
DS 16/25 Delegerede vedtak - dispensasjon - Breheimen NP - snødekt mark -
utskifting av båter - Surtbyttedalen - Morten Normann Brekkum 2025/1512
DS 17/25 Delegerede vedtak - dispensasjon - Breheimen NP - snødekt mark - transport
til hytte i Lundadalen - Kjell Lundemo 2025/162
DS 18/25 Delegerede vedtak - Breheimen NP - Mysubytta LVO - dispensasjon -
motorferdsel - 2025 - 2030 - snødekt mark - øvingsplan - Skjåk Røde Kors
Hjelpekorps 2024/13683
DS 19/25 Delegerede vedtak - dispensasjon - Vigdalen LVO - snødekt mark - transport
av salt og mineraler - løypekjøring - Oddvar Vigdal 2024/12705
ST 12/25 Referatsaker /
ST 13/25 Eventuelt /